



**UNG KIRKESANG**



## ÅRSMELDING Ung Kirkesang Bjørgvin 2015

Styret i 2015:

*Ingrid Pedersen Furdal: 1 år igjen av perioden*  
*Gro Anthun: vald for 2 år*  
*Olav Arne Steinkopf: vald for 1 år*  
*Ingrid Floen Utbjoe: vald for 2 år. Ungdomsrepr.*  
*Birgitte Christiansen: vald for 2 år. ”*  
*Vara : Anne-Lise Misje: vald for 1 år.*  
*Vara: Tonje Eriksen Askeland: vald for 1 år.*  
*Valnemnd: Inger Elisabeth Aarvik og Anne Karin Stormyr. Begge 1 år.*

I tillegg til årsmøtet og konstitueringsmøtet i under vårtreffet i Sætervika april 2015 ; har styret har hatt 2 møter og behandla 21 saker

Utover dette har vi hatt arbeidsmøter , telefon og mailkontakt i den kontinuerlege drifta.

Valnemnd : Inger Elisabeth Aarvik og Anne Karin Stormyr

Medlemstal under fylte 26 år : 1350 medlemmer fordelt på 52 kor i pr. 28.februar 2015

### **Aktivitet 2015**

#### Vårtreff i Sætervika i april 2015

hadde stor oppslutnad, om lag 130 deltakarar med stort og smått. Leirstaden fungerte fint i høve til uteområdet og øvingslokalet. Maten var veldig god ! I evalueringa kom det fram at vi hadde litt for mange deltakarar i høve til sengeplasser og fellesrom. Vi måtte t.d. ete på skift. Avstanden til kyrkja var også ei utfordring, men folk frå lokalkyrkjelyden stilte som sjåførar og alle var på plass til rett tid. Repertoaret ein valde denne helga var variert. Dirigent for barnekor/ungdomskor var Gro Anthun, gutekor Gunnar Hageberg, Repetitor : Olav Arne Steinkopf m fleire. Sentralledet var medarrangør og ytte økonomisk stønad til vårtreffet.

Barnekor /ungdomskor: Cantar, bestillingsverk av Eilert Tøsse ”Evig varer hans miskunn”, For augo våre faldar, Du lyser din fred over barnet, Lean om me Den fyrste song eg høyra fekk Gutekor: Gud være oss nådig, Johan Varen Ugland i tillegg var gutane med i felleskoret og øvde inn barnekorrepertoaret.

#### Haustrreffet 2015

vart halde i Åsane kyrkje 7. november 2015 : Om lag 60 born deltok og alt fungerte fint i høve til organisering og engasjement. Det var stor variasjon kor mykje tid den enkelte dirigent hadde brukt til å førebu fellessongane. Dette er noko vi bør arbeide vidare med. Det er viktig at alle har felles forståing av forventningane i høve til øving og førebuing. Korsongarane har sjølvsagt eit betydeleg større utbytte av samlinga dersom dei er godt førebudde. For borna vert det krevjande med for mykje nytt på ein gong. Ingrid Pedersen Furdal hadde musikalsk ansvar og var dirigent for barnekoret. Borna hadde også eit positivt samarbeid med dei 40 ungdommane som deltok i BjerkhreimJazz prosjektet og vaksenkoret ved dette seminaret.



